

Klikk her for å skrive inn tekst.

Vår ref.:  
23/01772-4

Dato:  
06.03.23

## Referat frå IDF-møte 03.03.2023 (styresaker)

**Digitalt møte på Zoom 3. mars 2023 kl 12.30 – 14.30**

### Til stades:

#### Organisasjonane:

Eva Leirbæk, Parat

Tone Skjerdal, LO Stat/Norsk tenestemannslag (NTL)

Aslaug Furholt, Utdanningsforbundet (UDF)

Gjert Anders Askevold (Forskerforbundet (FF)

Pål-Albert Olsen, Akademikerne (AK)

Nina Samnøy, Akademikerne, bisittar (AK)

### Arbeidsgjevar:

Gunnar Yttri, rektor

Anette Fristad, avdelingsleiar for Avdeling for HR

Wenche Fjørtoft, seniorrådgjevar Avdeling for HR (referent)

### Vernetenesta:

Hilde Kløften Duesund: Vara hovudverneombod (VHVO)

### Vedtaksaker

#### **10/23-B Godkjenning av innkalling og sakliste til styremøte 2/2023**

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

## 11/23-B Årsrapport 2022 - Høgskulen på Vestlandet

Rektor orienterte.

**FF:** Det står mykje bra i årsrapporten, men mykje er skildrande og ting som er sett i gang. Saknar eir vurdering av effektar av det som er sett i gang (til dømes Arbeidsmiljøkartlegginga ARK).

Side 18: saknar omtale av dosentløpet.

**LO Stat/NTL:** Viser til side 38 der det står: *Bergen opna eit nytt bygg i august 2020. Bygget er med sine moderne undervisningslokale godt likt av studentar, tilsette og besøkande og bidreg til å styrke utdannings- og forskingsaktivitetane. Frå opninga og til og med starten av 2022 var det få studentar og tilsette ved campus som følgje av at det framleis var restriksjonar knytt til pandemien. Dette gjer at det framleis blir for tidleg å gjere konkrete vurderingar mot prosjektet sine mål. Sjå elles omtale av større byggeprosjekt i kapittel IV.*

LO Stat/NTL er usamd i at det er for tidleg å gjere ei vurdering av prosjektet sine mål og ber om at det vert gjort ei evaluering av K2.

I Strategirområde 3: Formidle og dele aktuell kunnskap og kompetanse står det:  
*HVL må lukkast med å kople saman erfaringsbasert- og forskingsbasert kunnskap gjennom aktiv deltaking i fagleg relevante nettverk og klynger. Lukkast vi ikkje med dette er det risiko for at vi ikkje deltek i viktige nettverk og klynger.»*

Ber om at det blir sett på siste setning siden no ser ut som det viktigaste er å delta i nettverk og klynger.

**UDF** spør om Nordplus som Nordisk Ministerråds største utdanningsprogram innanfor livslang læring ikkje lenger er av interesse for HVL, sidan det ikkje er nemnt i Årsrapporten?

UDF viser til Kap. 3.2 der det står at det ikkje er mogleg å få til samarbeid, til dømes med UiB, slik modellen ved HVL er nå: UDF spør om det er gjort kartlegging av hindringane for gode samarbeid - om det er strukturelle, organisatoriske eller faglege hindringar?

Rektor noterer spørsmålet om samarbeid med vidare, men tenkjer det vil føre for vidt å ta vurdering av dette inn i rapporten. Vi skal sjekke om Norplus skulle vore med.

**Parat:** S 29 Verksemdsmål 3: Saknar omtale av forskingsformidling. Det er eit viktig område som er med å skape godt omdøme for HVL.

S 33 pkt 1: den virtuelle assistenten: Det står at prosjektet har fått nasjonal og internasjonal merksemd. Kva prosjekt er det?

Rektor er samd i at det må tydeleggjerast kva prosjekt dette er.

## 12/23-B Endeleg budsjett 2023

Rektor orienterte.

**LO Stat/NTL:** Spørsmål tabell 10 s 11: Kvifor er det ikkje budsjettert med forventta fortjenester på Bidrag og oppdragsaktivitet (BOA) i 2023? Det har vore ein auke i BOA på FØS.

Rektor kan ikkje svara ut spørsmålet i møtet, men ber om at spørsmålet vert teke med i protokollen.

**FF:**

1. Spør om kvifor det vore ein auke i Fellesadministrasjonen som har ein auke i administrative årsverk (28 årsverk) i 2022, s 29?

2. Vedtak nr 3. Stiller spørsmål ved om det er ønskeleg at fakulteta ikkje får overført overskot frå oppdragsverksemda slik det står i framlegg til vedtak? Ein tar vekk ekstraressursar og reduserer med dette motivasjon. Ser med uro på dette.

Rektor ser det har vore vekst i administrasjonen og noterer seg innspelet om at det ønskeleg å få overført midlar.

### 13/23-B Vurdering av integrasjon - FIN og FØS

Rektor orienterte.

**FF:** Det er ei veldig spennande sak som engasjerer. Hovudinngangen til saka var økonomi. Det forsvinn noko i saka og det er ikkje særleg økonomis gevinst ved samanslåinga. Dette forsvinn noko i denne saka. Dei faglege synergiane er vage. Kva understruktur blir det i det nye fakultetet; kva instituttstruktur blir det? Det å få faglege synergjar er viktig problemstilling å ta med seg i det vidare arbeidet.

**AK:** Støttar det FF seier. Den store utfordringa blir samanslåing og strukturen i eit nytt fakultet. Skal ein få ei god nok utgreiing må ein sjå på effektane ein får. Instituttstrukturen blir viktig og økonomien er viktig å få fram. Det kan vere mykje å hente, men det kan også øydelegge for ein del ting. Fagleg fordjuping på nokre område kan blir vanskeleg å få til. Kan vere bra for noko, men utfordrande på andre område. To relative små fakultet som skal slåast saman. Må sjå på moglegheitene ein har. Kan bli vanskeleg spesielt for FØS. Dette er ei kontroversiell sak.

**Rektor:** Vi noterer dette. Vurderinga som er gjort finn ikkje store økonomiske gevinstar på kort sikt, men potensialet kan vere knytt til eksterne inntekter og fagleg utvikling. Den faglege krafta gjer det interessant. Potensialet ligg også i endå meir Etter- og vidareutdanning og eksterne inntekter, dette handlar også om økonomi. Det har ein økonomisk bakgrunn, men heng også med den faglege krafta. Det er det som er i framhaldet som gjer det interessant.

**LO Stat/NTL** har fått ein god del tilbakemeldingar. Medlemmene er opptekne av at dei skulle ønskt å kunne kome med innspel i løpet prosessen til prosjektgruppa og at sluttresultatet kom på høyring. Det har ikkje vore ID-møte på FØS i det heile, og det seier noko om kor mykje av kapasiteten som har blitt brukt til dette arbeidet.

Det er lite tyngd i dei økonomiske vurderingane. Det er mogleg å sjå moglegheiter i alle typar samarbeid..Bør sjå på heile fakultetsstrukturen og jobba vidare derifrå. Då er det gjerne andre samanstillingar og moglegheiter som kunne vore aktuelle. Rapporten snakkar mykje om kvantitet. Kan sjå ut til at det å få tre like fakultet i storleik blir framheva. Gjennomsnittstal kan dekke over at det er underliggande problemstillingar det må jobbast med.

Kan sjå litt tendensiøst ut at tal som kjem positivt ut for FIN sin fordelar blir framheva, medan det som kjem fram som FØS sin fordel ikkje er framheva. Forskingstal er framheva til FIN sin fordel, medan tal som knyter seg til utdanning og studenttal er ikkje framheva. Viss ein td. reknar administrative årsverk pr student er det eit anna tal enn viss ein reknar pr vitskapleg tilsett.

Konklusjonar: LO Stat/NTL ønskjer å avslutte prosessen her, og evaluere fakultetsstrukturen om 1-1,5 årDenne rapporten vil ha like stor verdi om to år, med eventuell ny fakultetsstruktur i ny åremålsperiode.

**Rektor:** Tempo og framdrift ber preg om eit ønske om ei tydeleg framdrift og eit avgrensa fokusert prosjekt. Dette også av omsyn til høgskulen sin kapasitet, og ein økonomisk og organisatorisk situasjon. Ei evaluering av fakultetsstrukturen og avvente resultat frå det, er ei mogelegheit, men tida går og rektor ser er ikkje føre seg ei mindre ressursbruk av dette. Viss ressursbruken er eit argument. Innspelet er kome. For rektor står det klart i rapporten at FØS gjer det godt i studentrekruttering. Men dette med tal knytt til administrasjon kunne vore knytt mot studenttal og ikkje berre for vitskaplege tilsett. Det har relevans.

**Parat.** Arbeidsgruppa har jobba godt med dei føresetnadene og tidsperspektivet dei hadde, men hadde ønskt eit breiare kunnskapsgrunnlag, også i forhold til eksterne vurderingar eller prosjekt i høve tilsvarende integrasjonar. Då kunne ein fått eit eksternt blikk, men det er ikkje gjort. Er samd i at ein må sjå administrasjonen mot tal studentar. Skulle vore med. Prosessen vidare: det er lagt opp til partssamansett styringsgruppe og avgrensa arbeid i prosjektgruppa. Det skal gjerast styrevedtak 27. april. Er svært bekymra for tidsperspektivet. Viktig å ha god medbestemming, spesielt i fase 2. Håpar det vert gitt god tid til arbeidet.

**Rektor** takkar for innspel. Vi har nok noko ulike inngangar til saka. Men organisasjonane spelar inn og utdjupar styrkar og perspektiv på prosessen, men også på det ein faktisk har kome fram til. Rektor kjenner alle fire fakulteta godt og alle administrative tenester. Prosjektgruppa har kome opp med nokre samanhengar som er forfriskande og som også peikar framover. Det er som de har sagt at det er kort tid og ein kunne hatt eksterne partar og eksterne blikk. Framhaldet er at rektor ber styret gå vidare til fase 2. Det ligg spennande ting rundt potensialet i skjeringspunktet mellom teknologi, økonomi, berekraft, samfunnsfag, naturfag.

Ser at innspela om medverknad og informasjon får fleire til å spele inn, og vil også vere ei utfordring dersom styret går vidare i fase 2. Vi må ha særleg merksemd på dette og leggje til rette for det. Denne type samarbeid i utgreiingar der ein ser på fleire fakultet i hurtigarbeidande gruppe er noko dynamisk og kraftfullt over, og resultatet er ein relativt sterk og konsistent rapport. Har vore gjennom fleire rapportar og endringsprosessar ved fleire institusjonar og meiner resultat står seg godt i høve til kva ein klarar å kome fram til. Tida og tidsbruken avgrensar kor mange ein kan involvere. Eit partssamansett utval i ei prosjektgruppe klarar å ringe inn vitskap og administrasjon, og rektor er fornøgd med det som er gjort. Marknadene går vidare til styret.

## **Orienteringssaker**

### **O-10/23 Rekneskap for 2022 167**

**Parat:** har spørsmål til vedlegga konsulenttenester og reiseverksemd:

Ein post som heiter «Andre konsulenttenester» er høge, og Parat etterlyser kva det inneheld.

Reisekostnader: Kva inneheld «felles» som har auka betrakteleg, og kva skuldast det?

**Rektor :** 2022 var eit år der det etter pandemien var naudsynt med reiser. Spørsmålet om «felles» får ein koma tilbake til.

Vi er i ei omstillingstid og styret har peika ut 2023 som eit år for handling. Det at det er strukturelle endringar i heile sektoren er ei formidlingsoppgåve. Rekneskapan 2022 ber bod om at ein greier seg brukbart, men vi gjer tiltak i 2023 som rustar oss for dei næraste åra som etter det vi kan sjå vert vesentleg strammare

**UDF:** Viss det skal sparast pengar og kuttast, så har UDF fått innspel som hevdar at forskingsleiarfunksjonen blir opplevd å vere overflødig, og at ein kan spare fleire stillingar ved å kutte leddet «forskingsprogram»

### **O-11/23 HVL i tal og einingar - 2022**

Rektor orienterte om saka.

**LO Stat/NTL** ber om at tala blir lagt fram på Vestibylene.

**Rektor** svarar at det vil vere sak frå styremøtet på Vestibylene og rektor noterer seg at det er ønskjeleg å få tilgang til tala etterpå.

**Parat:** I siste setning står det at utviklinga varierer mellom fakultet og campus, og på fleire området er det utfordrande.

**Rektor** seier at setninga kunne vore utelate.

### **O-12/23 Orientering om studiebarometeret 2022**

Rektor orienterte.

**FF:** Stiller spørsmål ved metodikken. Viser til svarprosenten. Studiebarometeret tek opp spørsmål om metodikken. Vi må ta dette på alvor. Kva fortel dette eigentleg? Stor usikkerheit. Studiebarometeret blir diskutert i media, og veldig mykje brukt der. Og vi brukar mykje tid på dette. Er ein viktig mediefaktor. Skulle ønskt vi òg ser på metodikken og kor mykje vi kan hente ut av dette. Det er faktisk stor usikkerheit.

Nokre fagmiljø har betre utteljingar enn andre. Har nokre campus betre utteljing enn andre campus?

**UDF:** ikkje lett å finne årsakene til nedgåande resultat. Når resultatet viser at engasjementet går ned, kan det vere knytt til digital undervising? Lettare å bli distansert og fråkopla når ein sit framfor ein PC. Ubehageleg å vere så eksponert.

Tidsbruken. Når vi får femårige program, har økonomi og lån noko å bety. Studentane burde kanskje få betalt noko i siste semester i staden for at studentane skal jobbe andre stader. Ein bør ikkje måtte «sitje på Rema» for å lære, men få noko som er yrkesrelatert.

Studentane er opptatt av kommunikasjon som kan vere dårleg. Stadige/hurtige endringar vil kunne påverke stabilitet og føreseielegheit. Er vi for kjappe i nokre prosessar?

### **O-13/23 Forslag til retningslinjer for trekk av utlyste studium**

Rektor orienterte.

**FF:** Eit lite innspel. Ønskjer deltaking i medbestemming på sluttresultatet.

### **O-14/23 Årsrapport personvernombodet 2022**

Rektor orienterte.

**Parat:** Personvernombodet (PVO) kjem med ei rekke forbetringstiltak og set merksemd på at på at PVO ikkje har systematiske møte med leiinga. Dersom personvern ikkje er viktig for leiing vil det heller ikkje vere viktig for dei tilsette. Håper det vert gjort tiltak for å følgje opp tiltaka.

Ombodet har gitt tydelege tilrådingar som vil blir følgde opp. Vi må bruke omboda godt, dei kan jobbe med kvalitet. Vi skal følgje opp med tiltak.

### **O-15/23 Årsrapport Studentombod 2022**

Rektor orienterte.

**Parat:** Rapporten gjeld frå august til desember. Januar til august vart oppdraget ivareteke av SANDS. Finst det ingen rapport frå det arbeidet?

Det står i rapporten at bortfall av fysisk undervising skuldast at undervisar gjer det som er mest hensiktsmessig for han/henne. Dette er ein sterk påstand som bør følgjast opp.

Rektor seier at ideelt sett bør slike påstandar underbyggjast og dokumenterast, men rapporten er også uttrykk for studentane sine opplevingar.

## **Referatsaker**

## **O-16/23 Orienteringar frå rektor - styremøte 2/2023**

**Rektor** orienterte om arrangement knytt til 8. mars og at han vil orientere styret om behandlinga av saka som omhandlar påstanden om at rektor har brote hovudavtalen og vurderinga av SANDS om brot på hovudavtalen.

NTL: LO Stat/NTL meiner framleis at dette har vore i strid med hovudavtalen. Det at vi skal ha eit reelt partssamarbeid som byggjer på Hovudavtalen, inneber òg at vi har eit eige likeverdig forhold som begge partar har eit ansvar for å byggje oppunder. I lys av dette blir det feil å trekkje inn eit advokatselskap for å vurdere om det var i strid med Hovudavtalen. Kjernen i dette er om vi har eit likeverdig partssamarbeid med reell medbestemming og om dei grepa kvar av oss tek under vegs, byggjer opp om dette partssamarbeidet.

Rektor: Tykkjer at dette var tydeleg tilbakemelding. Rektor hadde behov for å få ei uavhengig vurdering av ein svært alvorleg påstand som brot på Hovudavtalen er.

**UDF:** Vi har samsnakka om avtalebrotet og er samde i at det ikkje var sånn det var meint. Ein skulle lagt bort brevet frå SANDS og sagt at dette finn vi utav saman og går vidare saman.

**LO Stat/NTL:** Det er ikkje så lenge sidan vi hadde brotet på medråderett i høgskulen der det kom brev frå kunnskapsdepartementet, og dei anbefalte at kommunal- og moderniseringsdepartement vart kontakta for meir informasjon. Å gjere bruk av departementa kan vere vegen å gå i slike saker.

Rektor tek tipset frå LO Stat/NTL med seg vidare.

## **O-17/23 Referatsaker - styremøte 2/2023**